



Arkivnr: 2014/13889-96

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utvæl	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		20.02.2018

#### Budsjett for Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) for 2018

##### Samandrag

Budsjett for bruk av fylkeskommunale trafikksikringsmidlar er tufta på sak PS 105/2017 *Årsbudsjett 2018/økonomiplan 2018-2021*. Til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) er det for 2018 sett av 5 mill. kroner.

Dei største postane er: Tilskotsordninga mindre fysiske trafikksikringstiltak på 2 mill. kr, tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement på 600.000 kr, og vidare 330.000 kr til tilskotsordninga til utarbeidning av kommunale trafikksikringsplanar. Aktivitetsmidlane til Trygg Trafikk er på 750.000 kr, og prosjektleiarstillinga knytt til hjertesone, som er på 500.000 kr, ligg også fast som ein del av FTU sin pott.

**Økonomi:** Fylkestinget vedtok i *Årsbudsjett 2018/økonomiplan 2018-2021* å tildele Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) 5 mill. kroner i 2018.

**Klima:** Ikke relevant.

**Folkehelse:** Ikke relevant.

**Regional planstrategi:** Ikke relevant.

#### Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) tek forslag om bruk av midlane i 2018 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 17.01.2018**

## Bakgrunn

Fylkeskommunane har ei viktig rolle i det regionale trafikksikringsarbeidet, både som ein stor veg- og skuleeigar, samt gjennom regional planmynde, ansvarlege for folkehelse og som arbeidsgjevar. Som vegeigar har fylkeskommunane etter Vegtrafikkloven § 40a eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket. Nullvisjonen er grunnlaget for alt trafikksikringsarbeid i Noreg, og gjeld naturleg som visjon og for Hordaland fylkeskommune sin Regionale transportplan for perioden 2018–2029. Visjonen inneber eit sterkt fokus på dei mest alvorlege ulykkene.

Hordaland fylkeskommune har i inneverande planperiode (2018–2029) følgjande tre satsingsområde:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkyringsulykker utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

I Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018–2021 har fylkeskommunen 18 oppfølgingstiltak som er bundne opp til dei områda som fylkeskommunane i særleg grad kan ha innverknad på, og rår over. Hordaland fylkeskommune stilte seg bak desse tiltakspunkta i sitt høyringsinnspel til planen i desember 2017. Dette inneber at FTU i sitt arbeid må sjå til å konkretisere og følgje opp tiltaka.

## Fordeling av budsjettmidlane på 5 mill. kr.

Budsjett for bruk av fylkeskommunale trafikksikringsmidlar er tufta på sak PS 105/2017 Årsbudsjett 2018/økonomiplan 2018–2021. Til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) er det for 2018 sett av 5 mill. kroner.

Dei største postane er: Tilskotsordninga mindre fysiske trafikksikringstiltak på 2 mill. kr, tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement på 600.000 kr, og vidare 330.000 kr til tilskotsordninga til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Aktivitetsmidlane til Trygg Trafikk er på 750.000 kr, og prosjektleiarstillinga knytt til hjertesone, som er på 500.000 kr, ligg også fast som ein del av FTU sin pott.

Under følgjer eit framlegg til fordeling av midlane:

Tiltak	Fordeling 2018, kr
Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement	600 000
Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar	330 000
Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak	2 000 000
Kurs og konferansar for kommunane	60 000
Trafikksikringsprisen	25 000
Trafiksikker kommune	275 000
Trafiksikkerhetshallen i Hordaland	50 000
Arrangement retta mot russen	140 000
Refleksprodukt, innkjøp	150 000
Sykkelprosjekt, barn og unge	70 000
Aktivitetsmidlar, Trygg Trafikk Hordaland	750 000
Prosjektleiar, hjertesone, Trygg Trafikk Hordaland	500 000
Diverse	50 000
<b>Totalt</b>	<b>5 000 000</b>

### Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement

Tiltaket tilskot til lokale trafikksikringsarrangement har vore i mange år. Bakgrunnen for tiltaket er å stø oppunder gjennomføringa av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ. Det har variert noko kor mange som har søkt, og tilskotssummane, og 2017 var det fyrste året med meirforbruk. Det er sett opp tre søknadsfristar i løpet av året (januar, mai og november). Tiltaket er tett kopla til Nasjonal tiltaksplan og innsatsområde Barn (0-14 år); *Fylkeskommunene skal støtte og oppmuntre kommuner og frivillige organisasjoner til å sikre skoleveger og nærmiljø, og skape gode holdninger hos barn og unge.*

Tiltaket ligg og som ein del av satsingsområde trafikksikringsarbeid i kommunane. Ut frå ovannemnde vert det sett ei ramme på 600.000 kr.

### **Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar**

Tiltaket tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar har vore sidan 2011. Søknadsfristen er 1. april. Tiltaket er tett kopla til Nasjonal tiltaksplan og innsatsområde Systematisk trafikksikkerhetsarbeid i fylkeskommuner og kommuner; *Fylkeskommunen vil arbeide for at alle kommuner skal ha kommunale trafikksikkerhetsplaner*. Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde trafikksikringsarbeid i kommunane. På grunn av mindreforbruk dei siste åra er den årlege posten sett 330.000 kr til i 2018.

### **Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak**

Tiltaket var nyt i 2014, og det har totalt sett vore gode erfaringar med tilskotsordninga. Søknadsfristen var 1. januar. Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde trafikksikringsarbeid i kommunane. Det er sett av 2 mill. kr i 2018.

### **Kurs og konferansar for kommunane**

FTU har sidan skal arrangera ein årleg trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland sidan 2011. På den årlege trafikksikringskonferansen vert aktuelle tema teke opp, men det er likevel grunnlag for å gå nærmare inn på einskilde tema og ofte stilte spørsmål om ulike trafikksikringstiltak. Fylkeskommunen v/ FTU kan også slik ta på seg ei koordinerande rolle gjennom å arrangere slike samlingar av fagpersonar frå ulike etatar. Dette vart gjort med god erfaring i 2015 og 2017 då FTU arrangerte ein fagdag om gangfelt og for sykkel for kommunetilsette og konsulentar. Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde trafikksikringsarbeid i kommunane. Det er sett av 60.000 kr i 2018.

### **Trafikksikringspris**

Trafikksikringsprisen vart delt ut for fyrste gong i 2014. Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde trafikksikringsarbeid i kommunane. Prisen vil verte delt ut på den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane. Det er sett av 25.000 kr årleg.

### **Trafikksikre kommunar**

Arbeidet har så langt resultert i fire trafikksikre kommunar, og to kommunar med underskriven intensjonsavtale. Ved signering av intensjonsavtalen vert det utbetalt 25.000 kr, og ved godkjenning vert dei resterande 75.000 kr utbetalt. Det er venta at arbeidet med trafikksikker kommune vil krevje auka ressursar dei kommande åra. Dette gjeld både å følje opp kommunar som er blitt godkjent, og kommunar som er i prosess. Tiltaket er tett kopla til Nasjonal tiltaksplan og innsatsområde Systematisk trafikksikkerhetsarbeid i fylkeskommuner og kommuner; *Trygg Trafikk vil, i samarbeid med fylkeskommunene, arbeide for at det per 1/1-2022 skal være 125 kommuner som er godkjent som Trafikksikker kommune og at allerede godkjente kommuner blir regodekjent*. Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde trafikksikringsarbeid i kommunane. Det er sett av 275.000 kr til tiltaket i 2018.

### **Trafikksikkerhetshallen i Hordaland**

Det vert sett av 50.000 kr til tilskot til Trafikksikkerhetshallen i Hordaland, der 50% av tilskotet er øyremerka arrangement retta mot barn og unge, medan det resterande er driftstilskot. Tiltaket er tett kopla til Nasjonal tiltaksplan og tiltaket *Fylkeskommunene skal støtte og oppmunstre kommuner og frivillige organisasjoner til å sikre skoleveger og nærmiljø, og skape gode holdninger hos barn og unge*, og tiltaket

*Fylkeskommunene vil gjennomføre tiltak for å påvirke til god trafikksikkerhetsadferd hos ungdom i videregående skole.*

### **Arrangement retta mot russen**

FTU går inn som fast støttespelar for det årlege russearrangement i Grieghallen. Koordineringa skjer gjennom Trygg Trafikk. Tiltaket er tett kopla til Nasjonal tiltaksplan og tiltaket *Fylkeskommunene vil, i samarbeid med Trygg Trafikk og andre samarbeidspartnere, arbeide aktivt med trafikksikkerhet i russetida*. Det vert sett av 140.000 kr i 2018.

### **Refleksprodukt, innkjøp**

Åleg kjøper FTU inn refleksar gjennom ein eigen rammeavtale. Trygg Trafikk og Politiet er med på å dele ut desse refleksane, saman med fylkeskommunen. Tiltaket er tett kopla til Nasjonal tiltaksplan og tiltaket til innsatsområde Gående og syklende; *Fylkeskommunene vil, gjennom ulike tiltak og virkemidler, påvirke til økt bruk av sykkelhjelm og refleks*. Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg. Det er sett av 150.000 kr i 2018 til innkjøpet.

**Alle barn sykler**

Eit samarbeidsprosjekt i regi av Bergen 2017 mellom ulike etatar, sykkelklubbar og skular om sykkelopplæring for elevar. Dette er eit godt folkehelsetiltak, og nært kopla til satsinga på hjertesone rundt skulane. Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde mijuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg. Det vert av 70.000 kr i 2018.

**Aktivitetsmidlar, Trygg Trafikk Hordaland**

Aktivitetane til Trygg Trafikk sin distriktsleiar skal dekkast over FTU sitt budsjett. Trygg Trafikk søker kvart år om midlar til dette gjennom FTU. I søknaden går det fram kva for type aktivitetar som skal gjennomførast det gjeldane året, aktivitetsplan. Distriktsleiaaren har ansvar for å rapportere til FTU underveis. Trygg Trafikk sitt arbeid er i særleg grad retta mot arbeidet med trafikksikker kommune, og å auke trafikksikrings-kompetansen i barnehage og skule. Det er sett av 750.000 kr i 2018.

**Prosjektleiar, hjertesone, Trygg Trafikk Hordaland**

Fylkesutvalet vedtok i september 2017 at fylkeskommunen ville bidra med inntil 1 million kroner årleg innanfor Fylkestrafikksikringsutvalet sitt budsjett i 2018 og 2019 til ei toårig prosjektstilling i Trygg Trafikk Hordaland. Det vart lagt til grunn at dette er eit spleiseland med Bergen kommune. Prosjektleiaaren skal arbeide med å implementere hjertesone i Bergen kommune. Det vert sett av 500.000 kr i 2018.

**Diverse**

Midlane går til annonsering, diverse driftsutgifter og medlemskontingent i Trygg Trafikk. Denne posten kan også nyttast til aktuelle trafikksikringstiltak/-prosjekt FTU ønsker å støtte, men som det ikkje er sett av midlar til i budsjettet. Det er sett av 50.000 kr.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fordelinga av midlane er basert på tiltaka i handlingsplanen for trafikksikring. Prosjektet Trafikksikker kommune er eit av dei viktigaste tiltaka retta mot kommunane denne planperioden. Dette arbeidet krev ressursar både frå Trygg Trafikk og fylkeskommunen, for at kommunane skal kunne føljast godt opp i alle delane av prosessen. Også etter at dei er godkjent. Arbeidet med trafikksikker fylkeskommune vil også krevje ressursar.

Fylkesrådmannen ber om at forslaget om fordeling av midlane for 2018 vert teke til orientering.